

# Noreg - verdsmeister i likestilling

*Noreg kjem godt ut av internasjonale samanlikningar i likestilling mellom kvinner og menn. Både innanfor utdanning, arbeidsmarknaden og det politiske liv er Noreg av dei land der kvinner kjem best ut i forhold til menn. I FN sine to indeksar for likestilling kjem Noreg ut som det mest likestilte landet i verda i 2001. Men også i Noreg er det eit stykke igjen til full likestilling på ei rekkje felt.*

Å samanlikna likestillinga i ulike land med kvarandre er vanskeleg. Ikkje berre er det vanskeleg å finna gode indikatorar på likestilling, kva som gjev det beste bilete av høva for kvinner og menn kan variera frå land til land, og kultur til kultur. Samstundes er det vanskeleg å finna statistikk som er identisk i ulike land. Ofte kan innsamlingsmetodane og definisjonane som vert nytta avvika frå kvarandre på vesentlege måtar. I denne artikkelen skal eg ikkje prøva å gje noko heilskapleg bilete av likestillinga i Noreg samanlikna med andre land. Målet er heller å gje nokre smakebitar på korleis det står til på 3 område som betyr mykje for liva til kvinner og menn, nemleg utdanning, arbeidsliv og politiske posisjonar. Det blir for det meste samanlikna med andre land i Europa og Nord-Amerika. Til sist vil eg visa til nokre forsøk i regi av FN sitt utviklingsprogram (UNDP) på å utarbeida samlemål på stoda for likestilling verda over.

## For få menn i høgare utdanning?

I mange vestlege land er det no ein klar overvekt av kvinner blant dei som fullfører ei universitetsgrad. Tala frå tabell 1 er samla saman frå ulike år, men viser at for svært mange vestlege land ligg kvinnedelen på mellom 50 og 60 prosent, og i nokre tilfelle på over 60 prosent. I denne oversikta er Noreg på topp med 66,6 prosent kvinner av alle som fullfører ei universitetsgrad. Også Danmark, Finland, Island, Sverige og Portugal har kvinnedel på over 60 prosent. Dei nordiske landa ligg med andre ord langt framme når det gjeld kvinner i utdanning.

Utdanning er eit av svært få område der problemstillinga når det gjeld likestilling er snudd på hovudet. Målet på likestilling blir ofte framstilt som ein fordeling på 50-50 prosent. For utdanning ligg kvinner framfor menn, og ein kan spørja om det bør rettast inn tiltak for å få fleire menn til å ta høgare utdanning.

Men biletet av utdanningssektoren vert annleis viss ein ser på ulike fagområde. I dei fleste land er det framleis mannsdominans innan fagområde som naturvitskap, matematikk og data, og ingeniørfag. Og innan desse fagområda har Noreg ein av dei lågaste kvinnedelane i Vest-Europa. Innan naturvitskap, matematikk og data ligg Noreg klart sist av dei landa me har oversikt over her, med ein kvinnedel på 16,9 prosent. Nest lågast ligg Sveits med 29,3 prosent kvinner. Størst kvinnedel på dette feltet finn me i dei søreuropeiske landa Portugal og Italia, med høvesvis 54,5 og 52,8 prosent. Innan ingeniørfag er det ingen land i denne oversikta som er i nærleiken av lik representasjon mellom kvinner og menn. Størst kvinnedel finn ein i Portugal og Hellas med om lag tre av ti. Lågast ligg Austerrike med 13 prosent, medan Noreg ikkje er mykje betre med 17,1 prosent.

---

Stein Terje Vikan

---

### Kjelder

Data til denne artikkelen er henta frå publikasjonen "Women and Men in Europe and North America 2000", utgjeven av FN-organet Economic Commission for Europe (UNECE). Denne publikasjonen har igjen hatt ulike kjelder. Nokre data er henta frå andre FN-organ, og nokre data er henta inn frå nasjonale statistikkbyrå. Eit problem med internasjonale samanlikningar er ofte at definisjonar og innsamlingsmetodar varierar mellom land. Oversiktane me her viser gjev likevel eit bilete av situasjonen for kvinner og menn i EU og resten av Vest-Europa og Nord-Amerika.

*Stein Terje Vikan er førstekonsulent i Statistisk sentralbyrå, Seksjon for leveårsstatistikk. Han er for tiden i United Nations Economic Commission for Europe (UNECE) i Geneve.*

Land	År	Alle fagområda	Jordbruk	Handel	Utdanning	Ingeniør	Humaniora og kunst og data	Naturvitskap, matematikk	Helse	Samfunnsfag
Noreg .....	1995	66,6	16,5	18,2	81,8	17,1	63,4	16,9	82,2	54,7
Austerrike .....	1996	45,9	47,5	47,2	70,1	13,0	63,6	33,7	56,5	63,8
Belgia .....	1993	45,4	39,1	-	68,8	17,7	65,0	44,6	60,2	49,3
Danmark .....	1997	62,4	47,1	33,0	77,6	16,0	78,7	50,0	92,3	44,8
Finland .....	1997	60,5	56,3	51,8	80,1	23,5	74,3	39,4	77,4	65,5
Frankrike .....	1996	55,2	-	-	-	-	-	-	-	-
Hellas .....	1996	58,7	37,9	53,2	69,1	29,5	80,7	44,2	45,8	61,5
Irland .....	1996	55,0	51,1	53,8	74,3	17,9	64,4	48,0	64,0	62,7
Island .....	1996	60,6	45,5	36,4	85,2	16,9	60,5	34,2	79,3	57,3
Italia .....	1995	54,5	37,8	45,5	89,5	23,9	83,5	52,8	58,4	62,3
Nederland .....	1996	48,5	42,9	28,0	60,7	17,3	70,9	34,1	62,4	67,8
Portugal .....	1996	62,9	56,1	53,0	80,1	29,7	78,3	54,5	71,8	66,6
Spania .....	1996	58,9	59,2	54,2	75,1	23,6	67,5	43,8	74,7	71,6
Storbritannia .....	1995	50,7	50,3	51,0	77,0	16,8	63,1	40,1	69,0	54,5
Sveits .....	1997	40,5	42,8	23,6	59,5	18,3	55,8	29,3	47,2	65,5
Sverige .....	1997	60,8	63,8	51,1	77,8	22,0	63,2	38,5	80,3	71,7
Tyskland .....	1996	41,7	50,0	46,3	76,1	15,0	67,6	31,8	48,3	45,9
Canada .....	1998	58,8	61,5	48,3	71,4	21,2	64,1	32,1	74,2	64,6
USA .....	1995	54,6	36,0	48,0	75,8	15,6	60,3	43,5	81,9	58,3

Kjelde: FN/ECE.

Fagområde der kvinner dominerer blant dei som fullfører ei universitetsgrad inkluderar humaniora og kunst, samfunnsfag og helsefag. Innan helsefag er det berre to av landa i tabell 1 som ikkje har overvekt av kvinner blant kandidatar som fullfører universitetsgrad, Tyskland og Sveits. I mange land er så mange som åtte av ti kvinner, til dømes USA, Sverige og Noreg, medan over ni av ti som fullfører helsefagleg utdanning i Danmark er kvinner.

### Kvinner arbeider mest

Fordeling av arbeid er eit sentralt likestillingstema. Korleis kvinner og menn fordeler det løna og det uløna arbeidet mellom seg varierer frå land til land. Den samla delen av tida brukt til både løna og uløna arbeid er i Noreg litt større for kvinner enn for menn, 28 mot 27,7 prosent. Men som for dei fleste andre land i tabell 2 utgjer det uløna arbeidet ein langt større del av det samla arbeidet for kvinner enn for menn, og likeeins det løna arbeidet ein større del for menn enn for kvinner.

Land	Løna arbeid		Uløna arbeid	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Noreg .....	10,4	17,9	17,6	9,8
Austerrike .....	9,5	19,5	20,4	7,0
Finland .....	13,6	19,3	16,8	9,9
Frankrike .....	9,0	15,1	19,6	11,2
Israel .....	7,6	19,4	18,4	6,7
Italia .....	8,8	21,4	23,9	4,9
Latvia .....	17,4	23,3	22,7	12,1
Nederland .....	8,3	17,2	14,9	8,9
Sveits .....	9,0	18,0	20,6	10,1
Sverige .....	16,2	23,0	20,1	12,0
Tyskland .....	9,0	18,0	22,0	12,0
Canada .....	13,1	20,8	18,5	10,1

Kjelde: FN/ECE.

I Noreg utgjer altså det samla arbeidet til kvinner 0,3 prosentpoeng meir av tidsbruken enn for menn. I nokre land er skilnaden mykje større enn dette. Italia ser ut til å vera eit land der kvinner arbeider mykje meir enn menn, der utgjer samla arbeid 6,4 prosentpoeng meir for kvinner enn for menn. Også Latvia og Austerrike har relativt stor skilnad med høvesvis 4,7 og 3,4 prosentpoeng meir arbeid for kvinner. Nederland er eitt av få land der det ser det ut til at menn arbeider mest. Der er skilnaden 2,9 prosentpoeng. I Sverige og Finland er skilnadene større enn i Noreg, men her er det kvinner som samla arbeider mest, med høvesvis 1,3 og 1,2 prosentpoeng.

### Flest menn i arbeidsstyrken

Ikkje uventa er det i dei fleste vestlege land klart fleire menn i arbeidsstyrken enn kvinner. Men det har også vore ein utvikling mot fleire kvinner i

arbeidsstyrken og mindre skilnader mellom kvinner og menn i dei fleste landa. Alle land i tabell 3 har hatt ein auke i delen kvinner i arbeidsstyrken. Skilnaden på kvinner og menn i arbeidsstyrken gjekk i Noreg ned 15 prosentpoeng, frå 25,1 til 10,1, frå 1980 til 1998. Berre Finland har mindre skilnad på kvinner og menn i 1998, på 7,4 prosentpoeng. Av dei landa som framleis har relativt få kvinner i arbeidsstyrken finn me Hellas, Irland, Italia og Spania. 3 av desse landa, Hellas, Irland og Spania, er likevel dei som i perioden frå rundt 1980 til ca. 1998 også har redusert skilnaden mest, dei to første landa med om lag 20 prosentpoeng og Spania med om lag 30 prosentpoeng. Noreg har ein relativt høg del i arbeidsstyrken generelt, samanlikna med andre vestlege land, og spesielt for kvinner. Delen kvinner i arbeidsstyrken i Noreg var i 1998 på 68,1 prosent. Av dei andre landa i tabell 3 er det berre Danmark som har ein del kvinner i arbeidsstyrken på over 60 prosent, med 60,4 prosent.

Land	År	Kvinner	Menn	År	Kvinner	Menn
Noreg .....	1980	52,8	77,9	1998	68,1	78,2
Austerrike .....	1981	42,4	72,7	1998	48,0	68,9
Belgia .....	1985	36,5	64,5	1998	41,4	60,4
Danmark .....	1981	57,5	75,9	1999	60,1	72,3
Finland .....	1980	57,1	73,1	1998	61,0	68,4
Frankrike .....	1982	43,1	67,2	1998	48,6	63,0
Hellas .....	1981	24,7	71,2	1997	36,7	63,1
Irland .....	1981	29,7	76,4	1997	42,0	67,8
Italia .....	1981	33,2	69,0	1998	34,7	62,0
Luxembourg .....	1985	34,9	69,6	1998	36,2	64,2
Nederland .....	1985	34,8	67,2	1998	52,0	73,0
Portugal .....	1981	37,3	76,7	1998	52,1	70,5
Spania .....	1981	24,6	81,3	1998	37,8	63,2
Storbritannia .....	1981	44,5	76,0	1998	53,8	71,3
Sveits .....	1980	52,7	79,3	1998	58,1	78,5
Tyskland .....	1985	41,1	70,8	1998	48,7	68,5

Kjelde: FN/ECE.

### Stor del deltidsarbeidande kvinner i Noreg

I tillegg til at det er vanleg med fleire menn enn kvinner i arbeidsstyrken, er det også i dei fleste land vanleg at ein større del av kvinnene enn av mennene i arbeidsstyrken arbeider deltid. Tabell 4 viser prosentdel kvinner og menn i aldersgruppa 20-39 år som arbeider deltid i 1990 og 1998. For både kvinner og menn har det vore ei utvikling mot ein større del av arbeidsstyrken som arbeider deltid i denne perioden. Endringa har vore størst for kvinner. Denne utviklinga må sjåast i samanheng med den auka deltakinga i arbeidsstyrken i same perioden, spesielt for kvinner.

I Noreg har delen kvinner som arbeider deltid gått svakt nedover på 1990-talet. For aldersgruppa me her ser på, 20-39 år, var det likevel like mange kvinner som arbeida deltid i 1998 som i 1990, 42,2 prosent. Berre Nederland med 58,5 prosent, Island med 45,6 prosent og Sveits med 44,2 prosent hadde av landa i tabell 4 høgare deltidsprosent i 1998 enn Noreg. Sverige hadde nesten like høg deltidsprosent blant kvinner i denne aldersgruppa som Noreg, med 37,3 prosent. Danmark og Finland hadde ein klart mindre del deltidsarbeidande kvinner, med høvesvis 12,3 og 25,9 prosent. Spesielt Danmark ligg altså svært lågt i prosentdel deltidsarbeidande kvinner. Men Danmark har også ein mindre del kvinner i arbeidsstyrken enn Noreg.

Danmark er også det landet i tabell 4 som har minst forskjell i deltidsprosent mellom kvinner og menn i 1998. 3,8 prosentpoeng skil danske kvinner og menn i deltidsprosent, 12,3 prosent for kvinner og 8,5 prosent for menn. Andre land med liten skilnad er Portugal og Hellas med høvesvis 4 og 4,8 prosentpoeng skilnad. Noko av forklaringa på dette kan vera at det i desse landa også er relativt få kvinner som er med i arbeidsstyrken, men at dei som er med i stor grad arbeider full tid. Spesielt Hellas har svært låg del

**Tabell 4. Prosentdel kvinner og menn i aldersgruppa 20-39 år som arbeider deltid. 1990 og 1998. Prosent**

Land	Kvinner		Menn	
	1990	1998	1990	1998
Noreg <sup>2</sup> .....	42,2	42,2	6,2	9,7
Austerrike <sup>1</sup> ..	-	27,5	-	4,0
Belgia .....	26,5	23,8	2,4	4,2
Danmark <sup>2</sup> ....	-	12,3	-	8,5
Finland .....	21,0	25,9	8,6	11,4
Hellas <sup>1</sup> .....	6,3	7,4	1,9	2,6
Irland .....	12,0	22,1	2,5	5,3
Island <sup>1,3</sup> .....	48,0	45,6	7,3	10,3
Italia .....	9,4	14,4	1,7	2,4
Luxembourg	12,9	18,5	0,9	1,5
Nederland ...	52,0	58,5	12,0	13,0
Portugal .....	3,9	5,1	0,7	1,1
Spania <sup>2</sup> .....	9,8	16,9	1,4	3,8
Sveits .....	41,1	44,2	5,3	7,4
Sverige <sup>2</sup> .....	37,2	37,3	5,2	8,4
Canada .....	21,5	25,9	5,8	8,4
USA .....	21,6	23,6	8,4	9,5

<sup>1</sup> Prosentar vist for 1998 refererer til 1997.

<sup>2</sup> Totaltal (15 år og over) refererer til 16 år og over. <sup>3</sup> Prosentar vist for 1990 refererer til 1991. Kjelde: FN/ECE.

Tabell 5. Landgruppering, etter prosentdel kvinner i lovgjevande forsamling			
Mindre enn 10 prosent	10 - 20 prosent	20 - 30 prosent	Meir enn 30 prosent
Liechtenstein	Bulgaria	Kroatia	Tyskland
Tyrkia	Frankrike	Canada	Island
Kviterussland	Italia	Spania	Nederland
Jugoslavia	Irland	Sveits	Noreg
Albania	Israel	Belgia	Finland
Hellas	Polen	Austerrike	Danmark
Russland	USA		Sverige
Ungarn	Luxembourg		
	Latvia		
	Litauen		
	Estland		
	Storbritannia		
	Portugal		

Kjelde: FN/ECE.

kvinner i arbeidsstyrken med 36,7 prosent, og også Portugal har relativt låg del, med 52,1.

Noreg har ein relativt høg skilnad mellom kvinner og menn i deltidsarbeid, men ein skilnad på 32,5 prosentpoeng, 42,2 prosent for kvinner og 9,7 prosent for menn. Skilnaden har gått ned sidan 1990, men er likevel blant dei høgaste i Europa. I tabell 4 er det 3 land med høgare skilnad, Nederland med 45,5 prosentpoeng, Sveits med 36,8 prosentpoeng og Island med 35,3 prosentpoeng. I både Nederland og Sveits har skilnaden auka på 1990-talet.

### Sjeldan stor skilnad i arbeidsløyse

I Noreg har det i dei seinare åra vore liten skilnad i arbeidsløyse mellom kvinner og menn. I 1998 var skilnaden på 0,1 prosentpoeng, 3,3 prosent for kvinner og 3,2 prosent for menn. Det er få europeiske eller nordamerikanske land der arbeidsløysa er høgast for menn. Av landa i figur 1 er det berre fire land der dette er tilfelle, Storbritannia, Sverige, Irland og Canada. Ein del land har relativt liten skilnad mellom kvinner og menn, men med ein overvekt av kvinner blant dei arbeidslause. Dei 3 søreuropeiske landa Spania, Hellas og Italia skil seg ut med relativt stor overvekt av kvinner blant dei arbeidslause. Kva som er årsaker til kjønnsforskjellar i arbeidsløyse er vanskeleg å seia, men kor kjønnssegregert arbeidsmarknaden er vil spela inn. Dersom den delen av arbeidsmarknaden som i ein periode er hardest ramma av innstramningar, er dominert av anten menn eller kvinner, vil det slå ut i tala for arbeidsløyse. Til dømes var det i Noreg på tidleg på 1990-talet høgare del arbeidslause blant menn enn blant kvinner, og dette hang saman med at menn i langt større grad var sysselsette i industri og bygge- og anleggsverksemd, verksemdar som var særleg utsett for konjunkturedgangen i denne perioden.

### Norden på topp innan politikken

Eit viktig aspekt ved likestilling er tilgang til politiske og administrative nøkkelposisjonar der viktige avgjersler som påverkar samfunnsutviklinga vert tekne. Ser me på prosentdel kvinnelege medlem i lovgjevande forsamling (Storting) kjem dei nordiske landa godt ut. Samanlikna med andre europeiske og nordamerikanske land, er det Sverige som i 2000 har størst prosentdel kvinnelege medlem (43 prosent), framfor Danmark (37) og Finland (37). Noreg hamnar på ein fjerdeplass med 36 prosent kvinner på Stortinget. Av dei største landa i EU er det berre Tyskland med 31 prosent som har meir enn 30 prosent kvinner i lovgjevande forsamling. Til samanlikning har Storbritannia 18 prosent og Italia og Frankrike 11 prosent.

I 2000 var det 7 land i Europa og Nord-Amerika som hadde ein kvinnedel i lovgjevande forsamling på over 30 prosent. Dette er ein auke på tre land sidan 1990, då berre dei nordiske landa Noreg, Sverige, Finland og

Danmark hadde nådd denne grensa. I 1980 hadde ingen nådd dette nivået. Denne grensa på 30 prosent kvinner vert ofte rekna som naudsynt for at kvinner sitt syn skal få verkeleg gjennomslag i politikken.

Dei fleste landa i Europa har no målretta tiltak for å auka kvinner si deltaking på ulike samfunnsarenaer. Likevel varierer effekten av desse tiltaka frå mykje retorikk til klare tidsavgrensa mål. Det er difor kan hende ikkje rart at når ein ser på utviklinga i prosentdel kvinner i lovgjevande forsamling dei siste 10 åra, har ho vore svært ulik i ulike land i regionen. Medan spesielt dei nordiske landa har hatt ein klar auke, har det i mange andre vestlege land, gått ganske sakte. I 1990 hadde 3 av dei noverande 15 EU-landa ein kvinnerepresentasjon på over ein fjerdedel, i 2000 var det 6. Dei aller fleste hadde opplevd ein auke, om enn svært moderat i nokre land. Berre Italia hadde hatt ein tilbakegang, i 1990 var kvinnerepresentasjonen 13 prosent, i 2000 var han 11.

### Også eit stykke igjen blant statsrådar...


I Noreg, som i mange andre land, er det ein større prosentdel kvinner i regjeringa enn i den lovgjevande forsamlinga. I 1999 var 42 prosent av den norske regjeringa kvinner. Det var framleis eit lite stykke igjen til Sverige som i 1999 hadde full likestilling på regjeringnivå; like mange kvinner som menn. Også Finland hadde ein større prosentdel enn Noreg, med 44 prosent. Island skil seg ut blant dei nordiske landa med ein kvinnedel i regjeringa på berre 10 prosent. Elles i Vest-Europa er det tre land i sør, Hellas, Spania og Portugal, som skil seg ut i negativ retning, medan Tyskland følgjer etter dei tre nordiske landa på topp. Sjølv om det i nokre land er ein relativ stor prosentdel kvinner i regjeringa, er det framleis slik i dei fleste land at kvinnelege regjeringsmedlemmer stort sett har ansvaret for "mjuke" departement, det vil seia helse, sosial, kultur og utdanning.

### ... og eit langt stykke igjen i forvaltninga

Det er ikkje berre dei politisk valde stillingane som gjev makt. Lik tilgang for kvinner og menn på høgare stillingar innan den offentlege forvaltninga er viktig i eit likestillingsperspektiv. Prosentdel kvinner blant departementsrådar gjev eit bilete på stoda i forvaltninga. Her har Noreg langt fram til dei beste i klassen. Med berre 10 prosent kvinner blant departementsrådana låg me i 1999 langt bak Sverige med 34, Austerrike med 33 og USA med 29 prosent. Også Finland låg godt føre oss med 15 prosent kvinner. Meir overraskande er det kanskje at Italia, som ikkje er kjent for å vera i likestillingsfronten, også hadde ein større prosentdel kvinnelege departementsrådar, med 12 prosent. Av vestlege land me har tal for her, er det Danmark som kjem klart dårlegast ut i eit likestillingsperspektiv. I 1999 var det ingen kvinner blant departementsrådana i Danmark.

Det er felles for dei fleste land at det i toppstillingane i forvaltninga er færre kvinner enn det er blant dei valde politiske stillingane. Ei av årsakene til dette kan vera at ansiennitet og erfaring tel meir i tilsetjingar i forvaltninga enn i politiske val. Den raske endringa me har sett innanfor dei politiske verva når det gjeld kvinnedeltaking, vil kan hende også finna stad i forvaltninga, men i eit seinare tempo. Etter som fleire kvinner deltek i arbeidslivet og skaffar seg erfaring og ansiennitet, vil det verta fleire kvinner som konkurrerer om toppstillingane også i forvaltninga.

Figur 1. Prosentdel av arbeidsstyrken som er arbeidsledige, kvinner og menn 15 år og over. 1998. Prosent



<sup>1</sup> Tal refererer til 1997.  
Kjelde: FN/ECE.

**Tabell 6. Kvinnedel av medlem i lovjevande forsamling<sup>1</sup>. Prosent**

Land	1980	1990	2000
Noreg .....	24	36	36
Austerrike .....	9	21	27
Belgia .....	6	9	23
Danmark .....	24	34	37
Finland .....	26	32	37
Frankrike .....	5	6	11
Hellas .....	..	..	6
Irland .....	4	8	12
Island .....	5	21	35
Italia .....	9	13	11
Luxembourg .....	..	..	17
Nederland .....	15	21	36
Portugal .....	..	..	19
Spania .....	..	16	22
Storbritannia .....	3	6	18
Sveits .....	11	18	23
Sverige .....	26	38	43
Tyskland .....	9	21	31
Canada .....	..	..	21
USA .....	4	6	13

<sup>1</sup> Lågare kammer eller eittkammer.  
Kjelde: FNU/ECE.

## Noreg på topp på FN sine likestillingsindeksar

Å gje ei samla vurdering av likestillinga i ulike land er svært vanskeleg. Det er mange ulike aspekt ved likestilling som er vanskeleg å måla med statistikk, og det er vanskeleg å vurdere kor mykje dei ulike indikatorane skal vege mot kvarandre. Haldningar til kvinner og likestilling er til dømes viktig

### Gender-related Development Index (GDI)


GDI er ein parallell til den meir kjende Human Development Index (HDI), og måler dei same dimensjonane, men her er vert det teke høgde for skilnader mellom kvinner og menn. GDI skal vera eit mål på den menneskelege utviklinga i eit samfunn etter at det er teke høgde for fordeling av velferda mellom kvinner og menn. GDI har fire indikatorar og desse er forventa levealder, analfabetisme, utdanningsaktivitet og estimert inntekt. Desse indikatorane vert vekta og sett saman til ein samla indeks.

### Gender empowerment measure (GEM)

Denne indeksen er eit mål på fordelinga på tilgang på makt i samfunnet for kvinner og menn. Også denne indeksen har fire indikatorar, og desse er kvinnelege parlamentsmedlemmer, kvinner i utvalde posisjonar i offentleg liv og i næringslivet, kvinner i akademiske og tekniske yrke og estimert inntekt.

Begge indeksane er basert på data samla inn av FN-organ og er omarbeida for å gjera det mogleg med samanlikning.

for likestillingsklimaet i eit land, men er vanskeleg å måla statistisk, og spesielt å måla det same i ulike kulturar. Utviklingsprogrammet til FN (UNDP) har gjort eit forsøk på to ulike indeksar som skal samanlikna skilnader mellom kvinner og menn i eit land. Desse er Gender Development Index (GDI) og Gender Empowerment Measure (GEM). Begge har sine veikskapar, men er kanskje det mest ambisiøse forsøket på å måla og samanlikna likestillinga i alle land i verda.



### Litteratur

UNDP (2001): *Human Development Report 2001*. Oxford University Press, New York.

UNECE (2000): *Women and Men in Europe and North America 2000*. United Nations Publications, Geneva.

Land	Statsrådar			Departementsrådar		
	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn	I alt
Noreg .....	42	58	100	10	90	100
Austerrike .....	23	77	100	33	67	100
Belgia .....	17	83	100	..	..	..
Danmark .....	35	65	100	-	100	100
Finland .....	44	56	100	15	85	100
Frankrike .....	31	69	100	..	..	..
Hellas .....	7	93	100	..	..	..
Irland .....	20	80	100	7	93	100
Island .....	10	90	100	8	92	100
Italia .....	24	76	100	12	88	100
Luxembourg .....	33	67	100	..	..	..
Nederland .....	29	71	100	8	92	100
Portugal .....	10	90	100	..	..	..
Spania .....	13	87	100	9	91	100
Storbritannia .....	23	77	100	..	..	..
Sveits .....	29	71	100	5	95	100
Sverige .....	50	50	100	34	66	100
Tyskland .....	35	65	100	..	..	..
Canada .....	24	76	100	..	..	..
USA .....	..	..	..	29	71	100

Kjelde: FN/ECE.

Rangering	GDI	GEM
1 .....	Noreg	Noreg
2 .....	Australia	Island
3 .....	Canada	Sverige
4 .....	USA	Finland
5 .....	Sverige	Canada
6 .....	Island	New Zealand
7 .....	Belgia	Nederland
8 .....	Nederland	Tyskland
9 .....	Finland	Australia
10 .....	Frankrike	USA
11 .....	Japan	Austerrike
12 .....	Storbritannia	Danmark
13 .....	Danmark	Sveits
14 .....	Sveits	Belgia
15 .....	Tyskland	Spania
16 .....	Austerrike	Storbritannia
17 .....	New Zealand	Barbados
18 .....	Irland	Irland
19 .....	Luxembourg	Bahamas
20 .....	Italia	Portugal

Kjelde: UNDP.

I 2001 vart Noreg beste land i verda på GDI-målinga (sjå boks). Etter Noreg følgjer Australia, Canada og USA. Av dei ti fremste landa er det 4 nordiske, med Sverige på femte, Island på sjette og Finland på niande plass. Danmark hamnar på trettande plass. Det er sjeldan plasseringa på GDI avvik særleg frå HDI, som ikkje tek omsyn til fordelinga på kvinner og menn. Luxembourg skil seg ut ved å ligga sju plassar dårlegare plassert når ein tek omsyn til likestilling, elles er det små endringar for dei fleste land når ein tek omsyn til fordelinga på kvinner og menn.

GEM (sjå boks) søker altså å måle forskjell i innverknad i samfunnet mellom kvinner og menn. Også her tronar Noreg på toppen. Ifølgje FN lever me altså i det mest likestilte landet i verda. På dei neste tre plassane kjem tre andre nordiske land, Island, Sverige og Finland. Danmark kjem igjen litt lenger bak i leksa, på ein tolvte plass. Det er spesielt éin delindikator der dei nordiske landa skil seg ut frå resten av verda, noko me har sett før, og det er deltakinga til kvinner i politikken. Ingen andre land har så mange kvinner i lovgjevande forsamling som dei nordiske landa.